

Styremøte 19122023

Tilstades: Harald, Sverre, Sigurd

Turneringsformat

Vi er nøgde med turneringsformatet, der vi alternerer mellom langs-
jakk og hurtigsjakk og vil behalde det. Vi startar med hurtigsjakk 4
januar og alternerer med hurtigsjakk, siste speledag før sommarfe-
rien er 30. mai.

Styret er innstilt på å kutte ut Fischersjakk og lynsjakk.

For å gjere det lettare for dei som vert motlause av mange tap, vil vi
legge fram for årsmøtet muligheten for å prøve to klassar i langsja-
kturnering, ein som er rata i FIDE og ein som ikkje er det. Spelarar kan
fritt velge mellom desse kvar speleveld.

I 2024 vil klubbmeisterskapen både i langsjakk og hurtigsjakk bli
basert på alle turneringane gjennom året. Det vert pengepremiar.

Årsmøtet

Årsmøtet vert halde 25. januar kl 18-19. Deretter vert det speleveld
(langsja-
k), som altså startar ein halv time seinare enn vanleg.

Morten og Toralv er valkomite. Sigurd tek kontakt med dei, og
melder at vi også treng ein til å revidere rekneskapen,

Seriesjakken

Vi prøver å halde fram som no dersom førstelaget ikkje rykker ned.
Førebels er det for tidleg å seie noko om kva spelarar vi vil rå over
mot slutten av hausten.

Økonomi

Harald orienterte om økonomien

Vi har hatt 28 medlemmer i 2023 som har vore innmelde i NSF. 22 av
desse betalte kontingent i vår, men bare 12 i haust. Sidan aktiviteten
var lågare i haust enn i vår, har vi betalt uforholdsmessig mykje i
kontingent til NSF i 2023. Vii styrer mot eit underskot i 2024 på 6-7000
kroner. Innvandrarar får betalt kontingenten det første året, men må
seinare betale sjølv. Vi betalar ikkje for startkontingent i eksterne
turneringar.

Vi held på same kontingenten som vi har. Sverre held fram med å få
til ei Vipps-ordning.

Aktivitet mot innvandrarar

Læringscenteret flytter opp på Landås. Skal vi halde opplæring/spel-
ing der. Vi veit førebels ikkje kva kapasitet vi rår over. Vi treng ein
ansvarleg person for denne satsinga, inkludert eit mogleg fornya
engasjement i Kanalveien. Styret/årsmøtet vil finne fram til ein eigna
person.